


Her er teknikken  
rennande olje.



Mia Gjerdrum  
Helgesen.

# Med kjærleik til Edvard Munch

Mia Gjerdrum Helgesen hadde debututstilling i New York for fire år sidan, men i går kveld var det galleri Plysen i den gamle Ullvarefabrikken i Innvik, som var arena for bilda hennar.

Inge Fænn  
inge.fenn@fjordingen.no

– Eit fantastisk lokale, smiler ho etter at siste bilde er på plass i utstillinga.  
– Men kvifor Innvik ?  
– Eg fekk ein telefon...  
– Ja, det gjorde ho, skyt Anne Karin Eriksen inn.  
– Eg hadde sett bilda hennar. Dei gav meg ei god kjensle. Her var både sorg og glede. Eg kjøper kunstblad, og eg tenkte at ho måtte vi få til Innvik, seier ho. Ho vedgår at ho var litt skjelven i røysta då ho ringde, men svaret vart ja. Utstillinga er på plass, og der skal ho vere framover som-maren.

## Munchinspirert

– Det er mykje Munch i bilda dine, skreiv ein kunstkritikar. Det inspirerte henne, og i sommar stiller ho også ut i Åsgårdsstrand saman med tre andre som har sterke kjensler for Edvard Munch.

Eg opplevde Edvard Munch sine bilde på Munchmuseet som småjente. Alle har eit forhold til denne kunstnararen. Han er ein nasjonalhelt. Også born oppfatar sorga og smertene i mange av bilda hans. Eg visste ikkje den gongen at eg skulle bli kunstnar, seier ho, men er ikkje framand for tanken om at det alt den gongen vart



Hallvard Almenning, Mia Gjerdrum Helgesen og Anne Karin Eriksen framfor nokre av dei 30 bilda på utstillinga.

sådd ein spire som etter kvart har vakse seg sterk.

Etter at kunstkritikarane byrja med samanlikningar vart interessa sterkare. Ho vitja huset hans i Åsgårdsstrand. Han var oppteken av det spesielle lyset der.

Førebels har ho ikkje stilt ut så mykje i Norge, men det blir meir.

– Det er masse kjærleik i desse bilda, kommenterer Hallvard Almenning. Han opplevde også Munch som smågut, og er med oss til opninga for å møte ein Munchinspirert kunstnar. For 54 år sidan var nemleg «Måneskinn, Åsgårdsstrand» av Edvard Munch eitt av bilda då Riksutstillinga vitja «Heimlund» i Innvik.

Vi skal ikkje kaste oss på djupt vatn, og utdjupe linjer frå Edvard Munch til Mia Gjerdrum Helgesen, men vi kan love alle som vitjar utstillinga ei fin kunstoppleving. Vi er samde i konklusjonen om mykje varme og kjærleik. Bruk litt ekstra tid ved svart/ kvitt bilda der teknikken er rennande olje. Utruleg bra.

## Eit minne for livet

Riksutstillinga som vitja Innvik i 1956, vart eit minne for livet for Hallvard Almenning. Han var 14 år gammal skulegut den gongen.

Inge Fænn  
inge.fenn@fjordingen.no

– Det var ikkje kvardagskost at slike vandretustillingar kom på besøk, som til og med hadde originalbilde av sjølv-

aste Edvard Munch, fortel Hallvard. Han undrar seg over at det er ingen av dei han har spurt som hugsar denne spesielle hendinga.

Hallvard vart så inspirert av utstillinga at då han kom tilbake til skulen tok han fram vassfargane og teikna «Måneskinn i Åsgårdsstrand» slik han hugsar bildet med månen som spegla seg i havet, strand og store steinar.

– Læraren min, Kåre Svaneheim, tykte ikkje noko serleg

om kunsten, men han lo då eg kommenterte kritikken hans med at han hadde ikkje vit på kunst, ler Hallvard.

Hallvard var sikker på at han hugsar rett når han hevda at det hadde vore utstilt eit Munch-bilde i Innvik, og han kontakta Nasjonalmuseet som stadfesta at bildet var med i Riksutstillinga saman med mange andre kjende bilde. Det var også omtala i Fjordingen. Vi fortalde om utstilling med 50 kunstverk der både

Munch, Nikolai Astrup, Henrik Sørensen og Axel Revold var mellom kunstnarane.

Utstillinga vart vist både i Innvik, Olden og Stryn, og Munch-bildet gjorde inntrykk på skuleguten. Sjølv om han ikkje vart billedkunstnar så vart han i alle fall ein mann med godt handelag.

At så mange kjende bilde var ute «på vandring» var eit storhendinge, og vi vågar knapt tippe pengeverdien etter dagens kronekurs. Men ingen

prøvde seg på ein enkel dørlås i «Heimlund» for 55 år sidan. I dag kunne neppe ei slik utstilling vore ute utan store tryggleikstiltak.

– At Mia Gjerdrum Gundersen er inspirert av Edvard Munch er tydeleg. Ho har mykje kjærleik og kjensle i bilda sine. Det viser seg spesielt i bilda der borna er med, men også der ho skildrar mann og kvinne, seier Hallvard. Kanskje reiser han heim og leitar fram vassfargane igjen ?